



Ein del av konfirmantjubilantane som var på gudstenesta i dag

I Uskedalen har 70-, 60-, og 50-årskonfirmantar blitt feira tre dagar til ende denne helga. Det starta fredagskvelden og vart avslutta i dag med gudsteneste først, og deretter middag. Det har vore ei særdeles kjekk helg både for deltakarane og for arrangørane Uskedal sokneråd så det var berre blide folk å sjå då dei slutta av i ettermiddag.



Årets konfirmantkull deltok aktivt i gudstenesta og sat fint på dei fremste benkene.

Det var først ei innhaldsrik og fin gudsteneste. Som vanleg var den ved sokneprest Lina Håland medan kantor

Eva Megyesi også i dag trylla dei vakraste tonane fram frå orgelet. Konfirmantjubilantane som deltok i gudstenesta, vart presentert, og det vart også konfirmantane som no har starta opplæringa til dei skal konfirmerast våren 2018. Nokre av dei var også med og hjelpte til med gjennomføringa av gudstenesta. Ungdommane hadde plassert seg på dei to fremste benkene med underteikna like bak. Dei sat så fint og fulgte med at eg beint fram kom til å lura på om Bjørgulv Eik og kullet hans sat like fint for 70 år sidan. Desse vart presentert som konfirmantar til våren Ella Karina Hjørnevåg, Silje Soldal, Mari Bolette Helvik, Saima Kristine Lomheim Døssland, Joacim Musland, Kristoffer Hauge, Joacim Urbanos Snilstveit, Jostein Soldal, Nils Rainer Vågen, Ole Haukanes Eik og Tørres Myklebust Lekva.

Fint var det også at det var dåp. Dåpsbarnet ber no namnet Vebjørn Gjerde Eik, og den fine dåpshandlinga vert ekstra rørende og fin når soknepresten tar barnet på armen og syng velsigninga.



Vebjørn Gjerde Eik vart boren til dåpen.

Etter ønskje frå soknerådet song sokneprest Lina **Amazing Grace** akkompagnert på piano av Eva. Det var ei nydeleg avslutning på den gode preika. Elles var det offer til kyrkjelydsarbeidet før gudstenesta vart avslutta av eit aldeles nydeleg postludium som utløyste taktfast applaus frå kyrkjelyden.



Frå festmiddagen på Oska



Grete Yri som bur i Trondheim, var ei av fleire som bar fram helsing under middagen.

Etter gudstenesta var det klart for festmiddag på Oska. Etter at sokneråds- og festleiar Svanhill Haugland hadde ønskt velkommen og soknerådsmedlem Thor Inge Døssland hadde sagt nokre ord om arbeidet i kyrkjelyden, var Roy Lervåg og staben klar med maten. Det vart servert lammefrikasè til hovudrett og bringebærssuppe med ostekrem til dessert. Fantastisk godt begge deler, og så langt eg kunne registrera gav samlege 45 rundt borda maten toppkarakter og vel så det. Under bordseta bar fleire av jubilantane fram kjekke helsingar, og sokneprest Lina hadde gode ord å koma med til oss! Elles var det rungande song og usedvanleg god stemning rundt borda. Ein perfekt avslutning på ei kjempemessig jubileumshelg.

Tekst, foto og nett: Thor Inge Døssland